

# LNK AVISA

NR 5 • 2006 • ÅRGANG 5

## Fyrstegongsveljar



Læringskurva har vore bratt, og Åsne Ø. Høgetveit (22) frå Vinje har gjort seg mange refleksjonar gjennom si tid som ung folkevald.

- Kva ynskjer partia å få ut av oss som er unge utover det å vera unge, og kanskje alibi, i folkevald arbeid, spør Åsne seg etter tre år som fylkestingsrepresentant i Telemark fylkeskommune.

• Side 12 og 13



Det er berre eit år att til folk i igjen møter opp til valurnene på Voss for å peika ut eit nytt kommunestyre.

(Foto: Vidar Herre)

## Utfordringa for Vestlandet



Å sikre folketalsutviklinga handlar ikkje berre om å flytte ut 5000 arbeidsplassar slik regjeringa no lova, sa Victor Normann på Vestlandskonferansen i Ålesund.  
- Å betre kommunikasjonane slik at bu- og arbeidsregionane blir langt større enn tilfellet er i dag, er heilt avgjerande.

• Side 16 og 17

## Me har noko med det

Sidan 1967 har deltakinga ved kommunevala blitt redusert frå 76 prosent til 59 prosent i 2003.

I desse dagar held partia nominasjonsmøte, og mange av partia slit med å fylle listene. Storparten av kommunestyra kastar inn handkleet etter denne valperioden, mens formannskapsmedlemmene blir. Korleis møter me utfordringane det lokale folkestyret står over for? Har me

delegert for mykje til administrasjonen, er dei lokale folkevalde berre administratorar av statleg politikk og kva rolle spelar lokalavisa i å spegle og utvikle folkestyret?

Det handlar ikkje berre om å lytte, men å forstå folket sine behov. Ein skal likevel ikkje ukritisk "gje folk det dei vil ha", meiner Rune Hetland, generalsekretær i Landslaget for lokalaviser.

• Side 2, 5 – 10



Eg merkar kor alt går på skakke,

og snart går vel alt i stå. Er det meg eller verda å takke:

Det grundar eg ofte på.

Frå "Eg merkar" – 1955 av Jacob Sande som ville ha vore 100 år i 2006

ABC  
**Startsida**

Vi gjer nettet  
nyttigare!

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI VAKSNE LES, FORTEL OG SYNG FOR UNGANE MINE»

**Pirion**

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion  
Abonnementet kostar 150 kroner (Studentpris: kr 120,-). Nye tingarar får også tilsendt nr. 3/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn: \_\_\_\_\_

Barnehage: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_ Postnummer: \_\_\_\_\_ Poststad: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_ E-post: \_\_\_\_\_



Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.

Du kan og tinga Pirion per e-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)



[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør  
Einar Schibevaag

## Det vanskelege valet

Færre og færre vil vera med i samfunnsprosessar. Færre og færre oppsøker valurnene. I 1967 deltok over 76% i kommunevala, i 2003 var deltakinga 59%. Tidlegare var ombod som folkevalde eit honnørord. I dag merker me i langt større grad at det er blitt eit skjellsord.

Det er ein utruleg merkeleg tilstand i eit land der tilbodet til brukarane aldri før har vore betre. Likevel kan det verka som budskapen ikkje når fram. Er kommuneleiinga og dei folkevalde sjølve for lite opptekne av å fortelja kor gode tenester ein faktisk leverer?

Det skjer feile prioriteringar, ting går gale, diverre prøver me å skjula det. Er det ikkje det me skal læra av og bruka som grunnlag for korrigerer kursen. Når ei omstilling finn stad i privat sektor er pressa vanlegvis positiv. Er det noko i ein kommune som skal endrast, er overskriftene prega av krise og kutt.

Har dette noko med at det er stadig fleire kommunalt tilsette som og skal vera med å påverka korleis oppgåvene skal løysast og organiserast. Når me i tillegg veit at kanskje vel mange oppgåver er delegert vekk i frå dei folkevalde sitt bord, kan det vera ein medverkande faktor til at færre vil bidra i samfunnsprosessar.

Me trur og pressa må sjå på si viktige rolle i dekninga av det lokalpolitiske arbeidet. Å lytte og forstå brukarane sine behov, men likevel ikkje ukritisk "gje folk det dei vil ha" er ei forsømt ansvar avisene har.

Demokratiet vårt er viktig. På same måte som me endrar oppgaveløysinga i kommunane, bør ein og diskutera korleis det folkevalde arbeidet skal løysast. At det trengs nytenking for å vitalisera folkestyret trur me mange vil vera samde om. Det er eit år til kommune- og fylkestingsvalet. La oss vona at valkampen kan engasjera slik at fleire får lyst å bli med å forma framtida i lokalsamfunnet.

## Ei skikkeleg satsing

Me merkar at Aurland kommune ynskjer å stå fram som ein kommune som set kulturarbeidet høgt. Dei har lukkast, og engasjementet mellom dei folkevalde og administrasjonen blir lagt merke til langt utanfor kommunen sine grenser.

I sommar hadde unge aurlendingar sommarjobb med å lese bøker på biblioteket. No står ein litteraturfestival for døra i november. Med god kommuneøkonomi kan det med slike satsingar dryppa og på klokka. Her blir det beste av den flotte kulturen som er skapt i nynorskland vist og gjort synleg for fleire, og det er ei framifrå satsing.

Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:  
Toyni Tobekk  
Magnar Riveland  
Ragnhild Margretha Taranger  
Marie Hauge  
Sigrun Høgetveit Berg  
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
lnk-avisa@norsk-plan.no

Montering:  
Norsk Plan A/S -  
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:  
Sunnhordland  
Opplag omlag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og  
kan tingast hjå  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller lnk-avisa@norsk-plan.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan  
7/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 17 000,-  
(248x360 mm)  
1/2 side kr 10 000,-  
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 6 500,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera  
som pdf-fil til:  
bladstova@norsk-plan.no



## Lokaldemokrati i krise?

Til hausten er det kommuneval att. Førebugane til valkampen er alt i gang i mange av lokalpartia. Men det er også ei bekymring i lufta. Deltakinga ved lokalvala har gått jamt og trutt nedover sidan 1960-talet. I 1967 deltok over 76% i kommunevala, i 2003 var deltakinga 59%. Heimesitjarane var det største partiet i 2003. Dette uroar dei styrande så langt at regjeringa Bondevik sette ned ein eigen lokaldemokratikommisjon. I sommar leverte kommisjonen sine råd om tiltak for å styrke deltaking og engasjement i lokalpolitikken. Utgangspunktet for kommisjonen er eit paradoks. For sjølv om folk i mindre grad røystar ved kommuneval, er dei godt nøgde med det lokalpolitiske systemet og dei kommunale tenestene. Den minkande deltakinga er ikkje eit teikn på ein politisk orden i krise. Ei rimeleg tolking kan derfor vere at folk er mette, nøgde og tause.

Om ein skal finne ut kvifor folk ikkje deltek, trur eg det er nødvendig å stille eit spørsmål: Kva skilnader opplever kvar og ein av oss at det gjer om vi deltek på valdagen eller ikkje? Det kan framførast mange gode grunnar til at det betyr lite om ein stemmer ved kommunevalet. Norske kommunar vert hardt taumkøyrt av staten. Dei fleste av dei kommunale oppgåvene er styrde av lover og detaljerte regelverk. Rommet for å drive eigen politikk er lite. Kommunepolitikarane blir langt på veg forvaltara av den statlege politikken. Dette vert forsterka ved at fokus det siste tiåret så å seie utelukande har lege på kommunane si rolle som tenesteytarar for den enkelte. Den samfunnsutviklande kommunen, som ser framover og løyser utfordringar i partnerskap med organisasjonane og næringslivet, er meir eller mindre sett i parentes.

Endå verre vert dette av at inntektsnivået i hovudsak er låst. Noreg har, i motsetning til dei fleste andre land, ikkje fritt skattøyre på kommunenivået. Kampen om storleiken på den offentlege sektoren er mykje av det som held liv i skiljet mellom høgre- og venstresida i politikken, og dermed gjer det verdt for folk å delta. Men dette høvet til å skape diskusjon og engasjement har ikkje norske lokalpolitikkarar.

Det største dilemmaet er likevel at organiseringa av lokalpolitisk deltaking er ei sak for dei politiske partia, samstundes som dei ideologiske skilja mellom partia på riksplan betyr svært lite i den lokalpolitiske kvardagen. Ein av sekretærene i Lokaldemokratikommisjonen, Hans Erik Ringkjøb, har i doktorgradsavhandlninga

si synt at i dei sakene som verkeleg skaper engasjement lokalt, går skiljelinene som regel på tvers av partigrensene. I slike saker er partia lokalt ofte utydelege eller splitta. Når partia markerer seg lokalt, er det i symbolsaker som tyder lite for folk flest. Dessverre synest eg Lokaldemokratikommisjonen er meir prega av at dei fleste medlemmene er partipolitikkarar, enn av sekretæren sine forskingsbaserte innsikter.

Mi tru er at dersom ein verkeleg vil styrke borgarane sitt lokaldemokratiske engasjement, må ein gjere partikanalen mindre viktig og andre kanalar for deltaking viktigare. Det manglar ikkje framlegg til slike tiltak i Lokaldemokratikommisjonen si tilråding. Om ein les grundig, finn ein 40-50 ulike forslag til nye arbeidsmåtar for å skape engasjement og deltaking. Men mykje av dette blir detaljert og for dei spesielt interesserte. Eg saknar dei meir overgripande tiltaka. Deltakande budsjettering er rett nok nemnt. Det ville vere spanande å sjå om norske kommunar maktar å engasjera folk direkte i budsjettarbeidet, utan at dei allereie taleføre og engasjerte overtek arenaen heilt. Eit anna spanande tiltak ville vere å innføre eit tokammersystem i kommunane. Det eine kammeret kunne veljast som no, medan det andre kammeret kunne veljast gjennom loddtrekning blant innbyggjarane i kommunen - ei folkeforsamling. I eit slik system skulle partipolitikarane ikkje ha vedtaksmakt, men berre høve til å legge fram sakene for folkekammeret og argumentere for dei der. Så skulle vedtaksmakta ligge hos folkekammeret. Dette ville vere dialogbasert demokrati, der politikarane verkeleg måtte overtude folk flest frå sak til sak. Men er partipolitikarane villige til å utsetje seg sjølve for slikt?

### ODDBJØRN BUKVE

Er professor i organisasjon  
og leiing ved Høgskulen i  
Sogn og Fjordane





# Nynorske Litteraturdagar


## Aurland 3. – 5. november 2006



Atle Hansen



Brit Bildøen



Ragnar Hovland



Karl Seglem



Per Inge Torkelsen

### Fredag 3. november

10.00

**SKULEARRANGEMENT - MELLOMSTEGET**  
Aurland Idretts- og samfunnshus  
«Heksa – ei skummel forteljing»  
av og med forfatteren Atle Hansen

12.00

**SKULEARRANGEMENT - UNGDOMSTEGET**  
Aurland Idretts- og samfunnshus  
med Ragnar Hovland  
Presentasjon av prosjektet LITTKRIT, v/prosjektleiar Petter von Krogh.

16.30 - 17.50

**OPNINGSARRANGEMENT PÅ FRETHEIM HOTEL**  
Opning ved fylkesdirektør for kultur Ingebjørg Erikstad  
OPNINGSARRANGEMENT MED KARL SEGLEM OG RAGNAR HOVLAND  
Bokslepp frå Selja Forlag  
Billett kr. 145,-

18.10 – 18.55

**FORFATTARTREFF PÅ FRETHEIM HOTEL**  
Gratis  
SKALD FORLAG (Odd Njøs og Johs. B. Thue)

SELJA FORLAG (Yngve Nedrebø og Frode Hervik)

DET NORSKE SAMLAGET (Brit Bildøen)

19.15 – 20.00

**FRETHEIM HOTEL - PER INGE TORKELSEN**  
«Det finst ikkje tabletar mot nynorske åndsverk»  
Billett kr. 195,-

20.30

**VELKOMSTMIDDAG PÅ FRETHEIM HOTEL**  
Festleiar: Ordførar Olav Ellingsen  
Informasjon om matsansing v/hotellidirektør Birgittha Sandstrøm  
Kåseri ved Odd Njøs  
Billett kr. 375,-

23.00

**KONSERT FRETHEIM HOTEL - LORDEN PUB**  
KJELL INGE TORGERSEN OG ENSEMBLET «TE I SAHARA»  
Billett kr. 175,-

### Laurdag 4. november

11.30 – 13.50

**LITTERATURTOG PÅ FLÅMSBANA**  
Vogn A: Krimlitteratur frå Kai Martin Brekke og Rune Timberlid

Vogn B: Barne- og familiearrangement  
«Sivle på heimabana – på Flåmsbana» med Jens Brekke

«Heksa møter Heavykatten»,  
Ein tøff togtur med Atle Hansen og Roar Kaldestad

Billett vaksne kr. 145,- og barn kr. 65,-

Høve til lunsj på Vatnahalsen Høyfjellshotell. Vaksne kr. 75,-. Barn kr. 45,-

11.30 – 13.30

**BÅTTUR PÅ NÆRØYFJORDEN**  
«Nærøyfjorden – ei reise i fortid og notid»

Reiseleiar: Forfattar og historikar Johs B. Thue  
Forfattarane Finn Løftenes, Tom Dybwad og Kjartan Hatløy.  
Kulturinnslag ved Aurland musikk- og kulturskule.  
Billett kr. 295,-. Inkl. lunsj om bord.

14.30 – 15.45

**FRETHEIM HOTEL – To arrangement på same tid**  
A: «JAKOB SANDE – TEKSTANE OG TIDA» ved Ove Eide  
Kulturinnslag ved Aurland musikk- og kulturskule  
Billett kr. 145,-

B: **VERDSARVLITTERATUR**  
Programleiar: Professor Svein Indrelid  
Kulturinnslag ved Aurland musikk- og kulturskule  
Billett kr. 145,-

16.15 – 17.00

**FORFATTARTREFF PÅ FRETHEIM HOTEL**

Gratis  
SKALD FORLAG: (Tor Yttri og Inge Aarseth)

SELJA FORLAG (Gaute Losnegård og Heidi Lindaas)

DET NORSKE SAMLAGET (T. Hellesen, Marit Eikemo og Helga Gunerius Eriksen)

17.30 – 19.15

**SPRÅK ER MAKT**

Paneldebatt på Fretheim Hotel  
Deltakarar: Magni Øvrebotten, Anne Marit Godal, Frank Aarebrot og Erling Lægred  
Programleiar: Jan Olav Fretland  
Kulturinnslag ved Aurland musikk- og kulturskule  
Billett kr. 145,-

20.15

**FESTMIDDAG PÅ FRETHEIM HOTEL**

Festleiar: fylkesordførar Nils R. Sandal  
Kåseri ved Jens Brekke  
Innslag om Jakob Sande.  
Billett kr. 425,-

23.00

**KONSERT FRETHEIM HOTEL – LORDEN PUB**

ORKESTERET BLÅ MÅNE, med Atle Hansen og Ragnar Hovland  
Billett kr. 145,-

### Søndag 5. november

12.00 – 14.00

**ARRANGEMENT PÅ ULIKE STADER**

**FRETHEIM HOTEL – BARNE- OG FAMILIEARRANGEMENT**  
«Jakob Sande – Gåsa, katten og hanen»,  
med Ingunn E. Wiken

«Eit eventyr er eit eventyr er eit eventyr»  
med Camilla Bjørke

Billett vaksne kr. 95,- og barn kr. 45,-  
Lunsjtilbod på hotellet. Familielunsj vaksne kr. 225,- /barn kr 95,-

**BORGUND STAVKYRKJE OG BESØKSENTER, LÆRDAL**

«Fykande frø – forteljingar frå eit langt liv»  
Pensjonert skuledirektør i Sogn og Fjordane, Olav Åm  
Kulturinnslag ved Lærdal musikk- og kulturskule  
Billett kr 75,-

**UNDREDAL STAVKYRKJE**

«På høg tid 2 songar til MENNESKET»  
Forfattaren Kjartan Hatløy  
Kulturinnslag ved Aurland musikk- og kulturskule  
Billett kr. 75,-. Servering av lokal ostemeny kr 90,-

**OTTERNES BYGDETUN**

Forfattarane av «Fjordamat» Åse Kongsvik og Kari Støfringsdal.  
Anne Brit Lotsberg med innslag om veving.  
Billett kr. 75,-.

15.00

**HELGEMESSE I VANGEN KYRKJE**

Med fokus på den nynorske song- og salmeskatten  
Sokneprest Bjarne Aagaard

Musikkinnslag ved:

Håkon Høgemo  
Aurland Songlag og Lærdal Songkor  
Aurland musikk- og kulturskule  
Gratis



Fretheim Hotel: Hovudsete under Nynorske Litteraturdagar



Flåmsbana: Litteraturtoget har avgang laurdag 4. november. Med både barnearrangement og krim.



Vangen kyrkje: Avslutning søndag med helgemesse i den vakre kyrkja.

### Paneldebatt

Laurdag 4. november  
kl. 17.30 på  
Fretheim Hotel

Paneldeltakarar: Frank Aarebrot, Erling Lægred, Magni Øvrebotten og Anne Marit Godal.  
Jan Olav Fretland skal leia debatten, som har fått tittelen «Språk er makt».

### Påmelding – kjøp av billetter

For påmelding/kjøp av billetter til dei ulike arrangementa, ta kontakt med Fjord Oppleving:


**www.fjordoppleving.no**  
**Epost: post@fjordoppleving.no**  
**Tlf. 57 63 32 00 (dagtid)**

Informasjon om arrangementet og fullstendig program finn du også på Aurland kommune sine nettsider **www.aurland.kommune.no**

### Kjell Inge Torgersen

«Sting på nynorsk»

Kjell Inge Torgersen og ensemblet «Te i Sahara» har fått strålende kritikkar for debutalbumet sitt «Aks av gull» med 11 unike gjendiktningar til nynorsk av artisten Sting sine songar. Du kan oppleve dei under Nynorske Litteraturdagar på Fretheim Hotel fredag 3. november.



Arr. Aurland kommune



Landsmanslutninga  
av nynorskkommunar (LNK)

Pilestredet 8  
0180 Oslo

www.lnk-nytt.no

lnk@online.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:

Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar  
Solfrid Borge  
Kjell G. Helland  
Rune Øygard

Varamedlemer:

Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fjordline  
Kommunalbanken

# Høviske ord

Direktøren i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, held kvar haust ein årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur. I år handla talen om "Den språkdelte kulturens lov" – altså Lov om målbruk i offentleg teneste – mållova, og var ekstra interessant for oss i LNK-familien. Før talen henta Nynorsk kultursentrum og LNK inn ein del opplysningar om korleis kommunar og fylkeskommunar oppfatar at staten praktiserer mållova, og korleis kommunane sjølve forvaltar sine språklege pund. Over 80% av kommunane svara på spørsmåla og svara som kom inn er interessante. Heile talen finn du på <http://www.aasentunet.no>.

Det offentlege Noreg er den desidert største språkprodusenten i landet og såleis ein viktig språkpåverkar. Det offentlege Noreg påverkar språket ikkje berre ut frå dei ufattelege tekstmengdene som vert levert kvar dag: Kommunespråket, statsspråket, byråkratspråket, kjært barn har mange namn, fargar måten me skriv på, måten me oppfatar teksten på og snik seg inn i vårt eige daglegspråk

om me vil eller ikkje. Også derfor er det viktig at kommunane har ei medviten haldning til språk.

Spørjeundersøkinga viste at svært mange kommunar definerer seg som nynorskkommunar ut frå at dei har gjort vedtak som krev at staten skal bruka nynorsk når han vender seg til kommunen. Mange har ikkje gjort eksplisitte vedtak om at nynorsk skal vera administrasjonsspråk. Fleire av dei som ikkje har gjort slike vedtak har likevel med i overordna planverktøy, som til dømes kommuneplanen, at dei skal vera nynorskkommunar. Dette er ei fornuftig løysing: Dersom kommuneplanen tek med eit avsnitt om språk, vil kommunen kunna få ein språkpolitisk debatt ved kvar rullering av planen. Debattar fører, i prinsippet, til meir kunnskap, innsikt og medvit. Slikt har både administrasjon og politikarar godt av.

Det er ei utfordring at både kommunane og staten i 2006 organiserer seg på andre måtar enn tidlegare. Både interkommunalt samarbeid og kommunale selskap kan lett bera i seg språkpolitiske utfordringar, og slik er

det og i dei nye statlege underbruka. Ikkje alle desse vert automatisk fanga opp av mållova. Samstundes fortel spørjeundersøkinga at 35% av kommunane ikkje er nøgde med korleis staten praktiserer mållova. Mållova er ein sær viktig kulturpolitisk reiskap. Men lova fangar i dag ikkje opp ein del sentrale kulturpolitiske prosessar som har endra samfunnet vårt sterkt dei siste åra. Ein reiskap må haldast ved like og kvessast med jamne mellomrom. Mållova bør kvessast i denne stortingsperioden.



Vidar  
Høviskeland  
er dagleg leiar  
i LNK

## Vestlandshistorie i tre bind

**Den som kjenner historia si, er betre rusta til å møte framtida. For første gong kjem det ut ei landsdelshistorie i Noreg.**

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Det er forlaget Vigmostad Bjørke som gir ut bokverket "Vestlandets Historie". Verket er sett saman av tre bind som tek for seg naturen, samfunnet og kulturen på Vestlandet.

På 1200 sider med 1000 illustrasjonar møter vi Vestlandet og vestlendingen. Vi får sjå landsdelen og folket både frå utsida og innsida, i forhold til resten av landet og ei større omverd. 28 fagfolk har skriva dei 24 kapitla, og i tillegg har 20 skjønnlitterære forfattarar skriva kvar sine bidrag.

Bindet "Natur og næring" handlar om samspelet mellom naturvilkår og

næringsdrift i landsdelen gjennom tida. Her møter vi mellom andre fiskaren, bonden, sjømannen, oljearbeidaren og industriarbeidaren.

Bindet "Samfunn" tar for seg samfunnsdanning og organisasjon dei siste fem hundre åra, med vekt på bygdesamfunnet, tettstadsutvikling, tilhøvet mellom sentralmakt og vestnorsk periferi, folkerørsler og frivillige organisasjonar.

Det tredje bindet, "Kultur", handlar om den mangslungne og rike kulturutviklinga på Vestlandet frå trusskiftet i mellomalderen til i dag. Her tar ein for seg den vestlandske identiteten, religiøse forhold, språk og litteratur, bildekunst, musikk og scenekunst.

Historikaren Knut Helle har vore redaktør for verket, som er å få tak i frå 24. oktober.



Hestedrift på Vestlandet  
Bilete henta frå bokverket "Vestlandets Historie"



VAL

Folkevaldopplæring

# Ikkje berre for dei nye



Eit godt kommunestyre har ei blanding av forfriskande urøynd og stabilt røynd, meiner ordførar i Vestre Slidre, Eivind Brenna. (Foto: Avis Valdres)

**Det er ikkje berre dei nye folkevalde som treng kunnskap. Ringrevane treng og påfyll, seier ordførar i Vestre Slidre Eivind Brenna.**

TOYNI TOBEKK

Eit nytt kommunestyre består som regel av ei salig blanding av røynde politikarar som har vore med i fleire periodar, og ferskingar som aldri vore på ein talarstol før. Opplæring skal dei uansett ha, alle saman.

Eivind Brenna (Bygdelista) er ordførar i Vestre Slidre. Han hadde 12 år i kommunestyret bak seg då han gjekk inn i sin fjerde periode for tre år sidan. Brenna fortel om ei folkevaldopplæring som nok er lik for mange småkommunar.

- I Vestre Slidre kom me saman i to dagar rett etter valet og hadde opplæring for kommunestyret. Saman med KS gjekk me gjennom ein del tema som t.d. habilitetsspørsmål, skiljet mellom administrasjon og politikk, kva retning kommunen skal gå i og slike ting.

Seinare i perioden var det ei ekstrasamling for formannskapet og leiargruppene for å sjå på arbeids- og samarbeidsformer.

#### UTBYTTE OGSÅ FOR GAMLE

Mykje av dette er naturleg nok mest utbytterikt for dei som er nye i politiken, meiner Brenna.

- Det er klart at dei som er gamle i tralten nok kan lure på korfor i all verda dei må bruke tida si på å lære ting dei kan frå før. Men som oftast er dei godt nøgde, når økta er gjennomført.

Ordføraren meiner og det er naturleg at røynde og urøynde folkevalde er samla under opplæringa. - Då kan ein snakke saman utan å ha ei sakliste som styrer samtalen.

#### KOMMUNEN HAR ANSVARET

Men er folkevaldopplæringa eit kommunalt eller eit partipolitisk ansvar? Brenna meiner det høver best at kommunen tar seg av det.

- Eg sit sjølv for ei bygdeliste, og i forhold til eit slik parti er det svært vanskeleg å drive partipolitisk opplæring.

Ordføraren sit no i sin fjerde periode i Vestre Slidre. På spørsmål om han vil halde fram, svarar han på politikarvis: - Det er opp til nominasjonskomiteen å svare på det, men eg kan i alle fall seie at eg trivst godt i jobben min!

## Fakta

Dei folkevalde sine rettar og plikter er regulert av Kommuneleva sitt kapittel 7. Det er ingenting i lova som seier at folkevalde har krav på opplæring. Kommu-

nane har generelt dette nedfelt i eigne planar som omhandlar dei folkevalde sine arbeidsvilkår.


[www.lnk.no](http://www.lnk.no)

Markering av livsverket til forfattaren, journalisten, samfunnsbyggjaren og mennesket Rasmus Løland  
Fokus på nynorsk litteratur og kultur for barn og unge

# nashornet.no

## UNDRANDE OG SKAPANDE

Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007-2011  
Nordenden 2 • 4230 Sand  
Tlf 52 79 06 20 • Faks 52 79 06 21 • Lommetlf 957 22 592



VAL

# Skal bli betre på kommune

Det er målsetjinga til Landslaget for lokalaviser (LLA), som i desse dagar set i gang eit eige prosjekt der ein ynskjer å gjera avisredaksjonane betre rusta med kunnskap om kommunejournalistikk.

- Me ser dette som eit middel for å få større engasjement for deltaking i folkevald arbeid og valoppslutning, seier Rune Hetland, generalsekretær i LLA.

SIGRUN HØGETVEIT BERG

Fullt innsyn i lokal og nasjonal samfunnsdebatt sett frå næringslivet sin synsstad er viktig for utviklinga av folkestyret og demokratiet. LLA sine medlemmer skal fremja lokalsamfunnet sine interesser og ta aktivt del i debatten om utviklinga i lokalsamfunna.

#### SVEKKA TILLIT

Diverre er det nok slik at fleire og fleire peikar på at demokratiet er i forfall. Å registrere at det er større politikkforakt er ikkje til å unngå, men me må heller ikkje fornekte at statusen til pressa ikkje er slik ho bør vera, meiner Hetland.

- Det er ei utvikling me ikkje berre vil sjå på, og me trur større kunnskap i redaksjonane kan vera med å motvirke utviklinga. LLA vil difor setja i gang eit kursopplegg for lokalavisene, som gjer at redaksjonane i større grad kan vera med å hindre demokratiets forfall.



Rune Hetland har sjølv erfaring frå redaktørstolen og rolla som folkevald i Vindafjord kommune

#### KRITISK ER BRA, MEN..

Arbeidsmetoden blir lagt opp etter «Public Journalism», journalistikk som har som målsetjing å bidra til ei positiv samfunnsutvikling, i små og større samanhengar.



Målet er å få med to personar i kvar redaksjon, slik at ikkje berre ein redaksjonell ressurs skal sitja med eit så stort redaksjonelt ansvar som kommunaljournalistikken er. Her representert ved redaktør Sindre Mørkedal og dagleg leiar Grete Furnes i Sula-posten, som i 60 år har dekkja den kommunale kvardagen i Sula kommune på Sunnmøre.

Denne arbeidsforma stiller grunnleggjande spørsmål om journalistikken sine verdiar, og om målet med journalistikken. Me ser stadig oftare at journalistikken går frå det kritiske blikket til fordel for den negative vinklinga. Ei utvikling som skapar avstand mellom sendar og mottakar og den som skal formidle budskapet.

#### UTFORDRE

Den kritiske og undersøkjande journalistikken står som oftast øvst i det journalistiske hierarkiet. Han blir her utfordra ved at journalisten ikkje lenger er den frie, uavhengige granskaren, men har ei spesiell rolle som yrkesutøvar i innbyggjarane si teneste. Det handlar ikkje berre om å lytte, men òg å forstå folk sine behov. Ein skal likevel ikkje ukritisk "gje folk det folk vil ha", meiner Hetland. Det handlar ikkje om å tilpassa seg ein marknad, men om kunnskap om samfunnet, om å forstå (lokal)samfunnet og enkeltmenneske sine ynske, behov, krav - og kvifor

mange vel bort deltaking i det offentlige livet.

- Det kan faktisk vera slik at elevane kan tenkje seg at skulen blir nedlagt, sjølv om foreldra har eit anna syn, seier Hetland.

#### SYNERGIAR

Deler av det tilbodet LLA no planlegg for det redaksjonelle miljøet kan òg bli ein del av opplæringa til nye tillitsvalde

i samband med ny valperiode. Media si rolle og kunnskapen om pressa sine arbeidsmåtar og rettar er nyttig for den folkevalde sin arbeidsdag, og kan redusere unødvendige negative episodar.

-Men på same tid får journalisten nyttig kunnskap om korleis den folkevalde sin arbeidsdag er, seier Hetland som sjølv har erfaring frå redaktørstolen og rolla som folkevald i Vindafjord kommune.

## LLA

Landslaget for lokalaviser (LLA) samlar over 100 lokalaviser i bygder og bydelar for å drøfte felles saker og samordne ynske og krav, slik at avisene kan vera viktige talerøyr for lokalsamfunnet.

Dei fleste avisene i LLA er lokalaviser som kjem ut ein, to eller tre dagar i veka. Med små ressursar skal avisene i sine dekningsområde bidra til samfunnsbygging anten det er innan kulturlivet, entreprenørskap eller det som skjer på arenaen til det offentlege - altså der dei folkevalde ferdast.

## KURS- OG KONFERANSEHOTELLET!

Sentralt plassert blant alle Nynorsk-kommunar i Sør-Noreg!

### Nytt SPA åpner april 2006!

8 suiter - alle med unik innredning! 101 hotellrom! 15 familierom. 2 rom med dør mellom.

Heile 4 kurs- og møterom med kapasitet frå 2 til 200 personar!

LNK-landstinget  
gav terningkast 6 på  
mattilbodet vårt!



www.rauland.no

Telefon: 35 06 31 00 - Telefaks: 35 07 35 77  
E-post: reservations.rauland@rezidorparkinn.com

**park inn**  
REZIDOR 545  
Rauland Høgfjellshotell



VAL

## Folkevalde

## Tilsette styrer kommunen

**Inhabilitet er og vil bli eit kjent omgrep for kommunalpolitikarar så lenge nærare 50% av dei aktive i politiske verv sjølv er kommunalt tilsette.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

I ei undersøking gjort av LNK-avisa blant 20 kommunar er 43,9% av formannskapsmedlemmene kommunalt tilsette eller tilsette i offentleg sektor.

**VANSKELEG Å VERA OBJEKTIV**  
Ordførar i Aurland kommune Olav Ellingsen er ikkje overrasska over tala og meiner det ikkje er heldig med kommunalt tilsette i formannskapet. Medan formannskapet i hans eigen kommune er samansett av ein frå kommunal sektor, ein frå offentleg sektor og tre frå privat næringsliv har Ellingsen også erfaring med at uttrykket inhabilitet dukkar opp i møtesamanheng.

- Om ein ikkje er juridisk inhabil, vil ein ofte føle seg inhabil i saker, seier Ellingsen. Det nære er ofte enklare enn den store samanhengen. Korleis ein ser

på verda har ofte samanheng med kvar ein er tilsett.

Vidare seier han at det ikkje er til å unngå at ein som kommunepolitikar vil ha vanskar med å leggja frå seg eit personleg engasjement der ein heller bør vurderer ei sak med objektive auger.

- Det som er det beste for ei grend er ikkje alltid det beste for kommunen sitt ve og vel, understrekar Ellingsen. Han ser ikkje noko enkel løysing på problemet, og ser at dei politiske partia slit med å rekruttere nye representantar.

**MEDVITNE TIL POLITISK PROGRAM**

Problemet for mange mindre kommunar er at mange av innbyggjarane ofte er kommunalt tilsette og skal ein rekruttere nye politikarar kan ein ikkje gå forbi denne gruppa i nomineringsprosessen.



Ordførar i Aurland kommune Olav Ellingsen meiner det er ubeldig med kommunalt tilsette i formannskapet

Rådmann i Ørsta Per Hovden har lang erfaring med at folkevalde har kommunal yrkesbakgrunn. I følge Hovden er det eit demokratisk krav at også kommunalt tilsette sit med politiske verv i dei respektive kommunane så lenge 20-25% av det norske folk hentar levebrødet sitt frå kommunale organ.

- Stort sett har det gått bra, seier Hovden. - Representantane er medvitne om at dei er valde inn på partiet sitt program og jobbar ut frå det.

Samstundes understrekar han at det er eit kjent problem at næringslivet i stor grad er fråverande i politikken. Det er også viktig å få med fleire representantar frå det private næringslivet for å auke breidda i dei politiske instansane, meiner han.

- Trass i at ein har ein lovfesta rett til å ta seg fri for å delta i politiske møte på dagtid, kan det ofte i praksis vera vanskeleg å koma i frå i næringslivet. Samstundes kan ein óg få inntrykk av at det er lettare å stå utanfor og kritisera enn å engasjera seg politisk, avsluttar Hovden.



Rådmann i Ørsta Per Hovden har lang erfaring med at folkevalde har kommunal yrkesbakgrunn

## Notiser

**Frir seg frå språkkrav**

Kommunen må stille språkkrav til leiarane sine, hevda Ottar Grepstad i si sjetta årstale om nynorskens tilstand. For medan kommunane klagar på staten, er dei sjølve slepphendte med språkrøtta.

I tala synte leiaren for Nynorsk kultursentrum til ei undersøking gjort i alle dei 114 nynorskkommunane. Den syner at 30 prosent av kommunane er misnøgde med måten statlege organ handterer mållova på. Samstundes stiller mange kommunar få krav til eigne tilsette om konsekvent bruk av nynorsk.

**Unntak for somme**

- Kvar sjetta kommune har yrkesgrupper som ikkje følgjer kommunens vedtak om administrasjonsspråk, fortalde Grepstad. Han undra seg over at til dømes legar, ingeniørar og datafolk ikkje nyttar nynorsk i nynorskkommunar.

- Alle kan heile tida bli betre i språk. Viss det er slik at dei som passerer det krevjande legestudiet, ikkje maktar å lære seg nynorsk, må ryktet om legars visdom vere kraftig overdrive, sa Ottar Grepstad, ifølgje Nynorsk Pressekontor.

Kvar fjerde kommune i Noreg har nynorsk som tenestemål. I løpet av dei siste ti åra er det ti kommunar som har teke stilling til språkleg nøytralitet.

Kjelde: Nynorsk Pressekontor

## Rekruttering krev lovendring

**Skal ein unngå dobbeltroller i politiske verv og stimulera til breiare samansetjing i formannskapet krev det lovendring.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Professor Frank Aarebrot er klar i talen når det kjem til spørsmålet om korleis ein skal bidra til større mangfald i dei politiske verva i kommunane i landet. - Ynskjer ein å inkludera fleire næringslivsrepresentantar og småbornsforeldre må ein få ei lov som seier at alle kommunale møte skal finna stad etter arbeidstid. Vil ein rekruttere småbornsforeldre i politikken må ein leggja til rette med barnepass i dei respektive kommunane, seier Aarebrot. Medan ein som kom-



Ynskjer ein å inkludera fleire næringslivsrepresentantar og småbornsforeldre må ein få ei lov som seier at alle kommunale møte skal finna stad etter arbeidstid, seier Professor Frank Aarebrot.

munalt tilsett har ein lovfesta rett til å gå på politiske møte på dagtid, er dette ofte vanskelegare å få til for ein som er tilsett i privat næringsliv.

**GRUNNLOVA HAR SKULDA**

Hadde dei kommunalt tilsette vore engasjert i nabokommunen sitt formannskap hadde det ikkje vore noko fare for inhabilitet. Problemet oppstår i følge Aarebrot når kommunalt tilsette sit i formannskapet i sin eigen kommune. Det same gjeld fylkeskommunalt tilsette som har politiske verv i fylkeskommunen. I følge Aarebrot oppsto denne situasjonen då grunnlova vart innført i 1814.

- Men hadde ein ikkje hatt embetsmenn hadde ein heller ikkje hatt noko grunnlov i dag, understrekar Aarebrot.

**ABC**  
**Startsida**

**Over 600.000**  
**unike brukarar**  
**kvar einaste dag!**

**Noregs einaste**  
**nynorske startside**

**www.startsida.no**

VAL

# Like interesserte i det heime

Det er to år sidan den tidlegare fiskeoppdrettaren Bjarne Dyvik (65) og kona Ruth (63) frå Tau i Ryfylke skaffa seg ein bustad på Orihuela

Costa i Spania. Dei tilbringer mest halve året i Spania, men held seg oppdaterte på kva som rører seg heime.

MAGNAR RIVELAND



Ruth og Bjarne Dyvik frå Strand er ikkje i tvil om at røysteretten skal nyttast sjølv om dei er i Spania på valdagen neste år.  
(Foto: Magnar Riveland)

## Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølv sagt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo  
Tlf: 23 21 41 00  
booking@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.com

Ruth og Bjarne kallar seg gjerne "klimaflyktningar", slik mange godt vaksne nordmenn i Spania gjer. Varme og 320 soldagar i året gjer godt for kroppar med revmatiske plager, men like fullt er dei mykje heime i Noreg. Det gjer at dei verken har mista kontakten med eller interessa for lokalpolitikken i heimkommunen Strand.

-Me reiser litt att og til, og har ikkje vanskar med å halda oss oppdaterte. Me er alt for rotfesta i Strand til å verta spanjolar på heiltid. I dei periodane me er i Spania har me verken lokalavis eller distriktssendingar på fjernsynet, men regionavisa Stavanger Aftenblad får me kjøpt her nede. Der får me med oss litt. Me snakkar ofte med familie og vener i Strand medan me er her, og når me kjem heim, så ligg ei bunke utgåver av lokalavisa og ventar på oss, fortel dei. -Men me har ikkje internett her i Spania, så det hender eg saknar tilgang til lokale nyhende i dei lengste periodane, innrømmer Bjarne.

### STERKE POLITISKE MEININGAR

Som næringsdrivande gjennom mange år har Ruth og Bjarne Dyvik hatt mykje kontakt med både byråkratar og politikarar i kommunen, og hausta erfaringar som gjer at dei har sterke meiningar om lokalpolitikken. Fiskeoppdrettet er for lengst seld, men dei eig framleis heimegarden som vert forpakta av andre. Dei driv også med litt utleigeverksemd.

-Det gjer at det alltid er lokalpolitiske saker som angår og interesserer oss, seier Bjarne, som er mest opptatt av næringspolitikk. Han er også opptatt av om Strand vil innføra eigeidoms-skatt, og Ruth og Bjarne er pasjonerte campingbil-eigarar som har prøvd å få kommunen til å leggja betre til rette for andre som deler kjærleiken til denne feriemåten.

-Ut frå dei sakene me er mest interesserte i, så veit me kven me skal røysta på. Me har vel ikkje noko stort behov for meir informasjon frå lokalpartia på førehand, meiner dei.

Dersom Ruth og Bjarne Dyvik er i Spania på valdagen neste år, så reknar dei med at dei har fått førehandsrøysta før dei reiser av garde. Om så ikkje er tilfelle, så vert det eit besøk på konsulatet i Torre Vieja.

-Når det er val, så skal røysteretten uansett nyttast. Og interessa for det som skjer heime vert ikkje mindre sjølv om me tilbringer mykje tid her, slår dei fast.

## LOKALPOLITIKK UNDER SOLA

Det er berre eitt år til neste kommune- og fylkestingsval. Ein stadig større del av dei røysteføre bur andre stader enn i Noreg heile eller delar av året. Kva gjer kommunane og lokalpartia for å nå desse utlandsveljarane?

Spania er eitt av landa med ein stor norsk kontingent, og ein reknar med at det bur rundt 75.000 nordmenn fast i Spania. Mange av desse er emigrantar for eitt år eller to, medan andre buset seg under sola for godt. I tillegg er det mange som ferierer i Spania i kortare eller lengre periodar. Nærare 100.000 nordmenn eig bustad i Spania, og det er mellom 100.000 – 150.000 nordmenn i landet til ei kvar tid.

Det er ein betydeleg veljarmasse, og alle desse nordmennene kjem frå ein kommune og eit lokalsamfunn i Noreg. Men interesserer dei seg for lokalpolitikken i kommunane der dei framleis står i manntalet, og kan vera med og avgjera kven som får styra dei neste fire åra? Og gjer lokalpartia heime noko for å nå desse veljarane? Det som ofte avgjer kommunevalet, er kven som vil rusta opp sjukeheimen eller byggja ny barnehage i nærmiljøet. Får spanianordmennene med seg denne lokale valkampen, eller er dei forviste til å sjå Stoltenberg, Sponheim og Solberg slå kvarandre i hovudet på Holmgang med nasjonale saker som ofte er uvesentlege i deira heimkommune?

Me har teke ein prat med nokre spanianordmenn som har ulik fartstid og bakgrunn som utlendingar.

www.lnk.no



VAL

# Trekvart spanjol

**Bjørn Jørgensen (39) frå Gjesdal i Rogaland har snart tjue år bak seg i Spania – berre avbrote av nokre korte opphald i Noreg. Kona er frå Venezuela, og i heimen i Ciudad Quesada på Costa Blanca er det spansk som er språket - både blant dei vaksne og dei tre borna i alderen to til seks år. Bjørn reknar seg etter kvart meir som spanjol enn nordmann, og lokalpolitikken heime vekkjer lita interesse.**

MAGNAR RIVELAND

-Etter kvart som tida vekke vert lenger, så forsvinn interessa. I alle dei åra eg har budd her har eg berre nytta røysteretten ein gong. Det var under folkeavrøystinga om EU-medlemskap i 1994. Då var eg på konsulatet og røysta ja, understrekar han.

-Dessutan har eg aldri høyrte eller sett nokon form for informasjon frå noko lokalparti, legg han til.

Sjølv om kommunevala i Noreg ikkje fenger veldig, så meiner Bjørn Jørgensen at han er politisk interessert.

-Men det er for det meste spansk og internasjonal politikk eg følgjer med på. Eg les spanske aviser og ser spansk fjernsyn, og på internett får eg med meg dei norske riksavisene. Det er svært sjeldan eg sjekkar lokalaviser på nettet. Norsk politikk verkar fort litt keisam. Partia er for like, og samde om det meste. Og jo meir lokale sakene

vert, jo vanskelegare er det å skilja dei, seier Bjørn, som er meir oppdatert på lokalpolitikken i Spania. Der er temperaturen - i politikken som elles - høgare enn i Noreg. I fleire byar på Costa Blanca har opposisjonen kome med korrupsjonsanklagar mot dei sitjande ordførarane, og fleire av dei er under politietterforsking no når det spanske kommunevalet nærmar seg.

#### SATS PÅ INTERNETT

Bjørn Jørgensen ser ikkje bort frå at han kan koma til å røysta i eit norsk kommuneval ein gong, men då må det vera

fordi ei einskildsak opptar han.

-Om eg til dømes får høyra at skulen eller aldersheimen eller andre tilbod i heimbygda står i fare for å verta nedlagde, så kjem eg nok til å orientera meg om kva partia meiner om det. Ein kan ikkje berre stola på at naboane ordnar opp - demokratiet krev at ein deltek, seier Bjørn.

Når det gjeld ulike medier som kan nyttast for å nå spanianordmenn og mange andre veljarar med informasjon, er han ikkje i tvil om kva kanal som fungerer best.

-Partiprogramma må ut på internett

- også dei heilt lokale i kvar kommune. Og dei må vera lett tilgjengelege. Dei kommunane som vil auka valdeltakinga bør engasjera seg for å få det til, og ikkje overlata heile ansvaret til dei lokale partilaga. Om kommunane legg ut partiprogramma og presenterer kandidatar frå dei ulike listene på si eiga nettside, vil det vera mykje enklare å finna enn om ein må leita etter kvart partilag, oppfordrar Bjørn Jørgensen.



*Kor interessant kan norsk lokalpolitikk vera for nordmenn som lever livet under parasollar i Spania?*

*(Illustrasjonsfoto)*

## Ung, men erfaren veljar

**Beate Sørhus fylte nettopp 21 år, men likevel kan ho neste haust røysta i sitt tredje kommuneval.**

MAGNAR RIVELAND

Ho kjem frå Øvre Vats i Rogaland, som ligg i Vindafjord kommune. Vindafjord vart frå 1. januar i år slått saman med nabokommunen Ølen. Beate kunne i 2003, som 18-åring, røysta i kommunevalet i "gamle Vindafjord". I fjor, i samband med stortingsvalet, var det val av kommunestyre i "nye Vindafjord".

#### DIREKTEVAL AV ORDFØRAR

Det er også andre ting som gjer valet i Vindafjord spanande. Vindafjord er ein av kommunane som er med i ordninga med direkteval av ordførar, og i kommunestyret er heile tre bygdelister frå ulike grender representerte i tillegg til dei etablerte partia.

Beate Sørhus skal jobba med barne- og ungdomsarbeid og miljøarbeid i sjømannskyrkja i Torrevieja i eitt år. Ho kom til Spania i sommar, og når heim til valkampinnspurten og valet neste haust. Ho har i liten grad kontakt med lokalpolitikken heime medan ho er i Spania-eksil.

-Eg får ikkje lokalavisa tilsendt medan eg er her nede, og då er det ikkje så lett å fylgja med. Den aller mest effektive måten å nå veljarar i utlandet på, må vera å få tak i e-postadressene deira. Vanleg post endar ofte i ein postkasse heime i Noreg, og berre det viktigaste vert sendt vidare.

#### ETTERLYSER NETTSIDER

Lokalpartia kunne og vore flinkare til å ha eigne nettsider der det lokale programmet var tilgjengeleg. Folk her nede bur så langt frå familie og vener at data er eit "must". Til og med dei mange eldre som bur her har lært seg

å kommunisera via internett, så med gode nettsider hadde lokalpartia nådd mange, meiner Beate Sørhus, som alt har bestemt seg for kva parti ho skal røysta på.

-Ja, eg veit kven som får mi støtte, og er vel berre sånn passe interessert i politikk. Så personleg har eg ikkje noko veldig behov for meir informasjon, legg ho til.



# Kvifor så få kvinner?

**Kvifor er det så få kvinner i lokalpolitikken? var spørsmålet som blei tatt opp på ein konferanse skipa til av Fylkesmannen i Rogaland 28. september.**

AV RAGNHILD MARGRETHA TARANGER



- Eg trur politikken blir "mjukare" med fleire kvinner, seier Margit Hunemo (KrF)

Dei folkevalde i Rogaland har, ved sida av Vest-Agder, den lågaste kvinnerepresentasjonen i heile landet. 31 prosent av alle representantane i kommunestyra i Rogaland er kvinner, medan landsgjennomsnittet ligg på 38,5 prosent. Berre tre av dei 26 ordførarane i Rogaland er kvinner. Kvifor er det slik, og kva kan ein gjere med det? LNK-avisa har snakka med to politikkarar som var på konferansen.

#### KVINNELEGE RÅDGJEVARAR

Margit Hunemo (KrF) er ei av sju kvinner i kommunestyret i Time, som til saman har 27 representantar. Men grunnen til den skeive fordelinga er ikkje at kvinnene ikkje stiller opp.

- Samansettinga blei som ho blei fordi veljarane kumulerte menn. Alle vallisene hadde 40% kvinner.

Hunemo trur det er viktig å få fleire kvinner inn i kommunestyra fordi kvinner og menn utfyller kvarandre. - Eg trur politikken blir "mjukare" med fleire kvinner. Fleire kvinner gjer også at vi er



Kvinnene gir i for stor grad uttrykk for at dei ikkje vil, er interessert eller vil bruke av tida si til politisk arbeid, seier Jorunn Strand Vestbø (SP), ordførar i Finnøy kommune.

(Foto: Arkivfoto Finnøyposten)

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

 **FAGFORBUNDET**



[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no) Servicetorget: 815 00 040  
E-post: [servicetorget@fagforbundet.no](mailto:servicetorget@fagforbundet.no)

kvinner, og ikkje "menn i skjørt".

- Kva trur du ein kan gjere lokalt for å betre situasjonen?

- Eg trur ein bør invitere kvinner - i alle aldersgrupper - til orientering/informasjon slik vi stundom gjer med næringslivsfolk eller andre viktige samfunnsaktørar vi vil spele på lag med.

Nasjonalt foreslår ho at menn kan bruke kvinner som rådgjevarar og ikkje berre kaffikokkarar - i staden for menn. Vi må få bort "menn rekrutterer menn"- syndromet, meiner Margit Hunemo.

#### KJEKT OG MEININGSFULLT

Jorunn Strand Vestbø (SP) er ordførar i Finnøy kommune. Der er det 25 representantar i kommunestyret, og av dei er det ni kvinner.

- Kvinnene gir i for stor grad uttrykk for at dei ikkje vil, er interessert eller vil bruke av tida si til politisk arbeid, seier ho om kvifor fordelinga er såpass skeiv.

- Dette er synd, for eg ser det som svært viktig med ei god blanding av

både kvinner og menn i dei ulike råd og utval.

- Fekk du nokre gode idear på konferansen om kva ein kan gjere med problemet lokalt?

- Det kom ikkje fram noko særleg nytt. Men det vart frå fleire hald understreka kor viktig det er å få fram at det er kjekt og meningsfullt å vere med i kommunestyret. Det gir eit unikt høve til å vere med på å utforme lokalsamfunnet. Ein må tone sterkt ned negative oppfatningar om "tonnevis av vanskelege sakspapir og lange og mange møte. Slik er det jo ikkje.

På Finnøy har partia ofte problem med å få både menn og kvinner med i politisk arbeid og til å stå på listene, fortel Strand Vestbø.

- På det nasjonale planet kunne ein kanskje vurdere om det er rett at veljarane kan forandre på listene. Men det vil igjen vere eit inngrep av veljaren sin fridom. Ein må framleis halde fast på kravet om kvotering, meiner Finnøyordføraren.





**Lokalavissamkjøringa viser deg vegen til stadig fleire attraktive jobbsøklarar i store deler av landet. Gjennom annonsesamkjøringa vår når du ut med stillingsannonsera di gjennom 73 truverdige lokalaviser i Nord-Norge, Midt-Norge, Vestlandet, Sørlandet og Austlandet. Lokalavisene blir grundig lesne i fred og ro. Stillingsannonser hos oss får dermed stor merksemd.**

Også i år har avisbransjen lagt fram opplagstal som fortel om lokalavisene sin suksess. Lokalavisene våre får stadig fleire abonnentar – som altså betaler for å få avisa inn i huset sitt. Det gjev deg som annonsør meir valuta for pengane. Gjennom Lokalavissamkjøringa gjer vi dessutan livet enklare for kommunane: Du treng berre éin kontaktperson og du leverer kun éitt materiell. Deretter kjem annonsa di på trykk i 73 truverdige lokalaviser landet rundt.

NYTT: Medlemer i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) får gode vilkår på stillingsannonser gjennom Lokalavissamkjøringa! Dersom du legg ut annonsa di under ledige stillingar på [www.lnk-nytt.no](http://www.lnk-nytt.no) får du automatisk 25 % rabatt i Lokalavissamkjøringa dersom du også ønskjer annonsa di på trykk i dei 73 lokalavisene våre.

Snart forsvinn snøen over heile landet! Planlegg *no* korleis du kan bruka Lokalavissamkjøringa neste gong du eller andre i kommunen ønskjer fleire attraktive jobbsøklarar til ledige stillingar. Les meir om oss på [www.lokalavissamkjoringa.no](http://www.lokalavissamkjoringa.no). Du kan også ringja oss på telefon 22 86 12 86 eller senda ein e-post til [post@lokalavissamkjoringa.no](mailto:post@lokalavissamkjoringa.no).



[www.lokalavissamkjoringa.no](http://www.lokalavissamkjoringa.no)



## PORTRETTE

# Ung folkevald bratt

**Å stille kritiske spørsmål er ei krevjande øving. Lettare blir det ikkje om du er ung. Det hjelper lite om du er godt førebudd. Det er den kvardagen du som ung folkevald kan oppleva i møte med i den politiske manesjen.**

EINAR SCHIBEVAAG

Ho var førstegongsveljar ved sist kommuneval. Åsne Ø. Høgetveit frå Vinje var ikkje ein gong 18 år då det var klart at ho skulle ta sete i fylkestinget i Telemark.

Læringskurva var bratt og ho har gjort seg mange refleksjonar gjennom sine tre år som fylkestingsrepresentant. Det tok tid før ho løyste og forstod kodane på den politiske arenaen. Å bli inkludert i arbeidet som folkevald, sjølv om opplæring blei gitt, er ikkje sjølvstøtt.

- Opplæringa var langt frå tilfresstillande, og det tok tid før stammespråket blei kjent. Kva for eksempel enkeltvedtak tyder er ikkje sjølvstøtt for ein kvar person.

I opplæringsfasen møtte ho kollegaer som meinte at så lenge dei hadde vore medlem i fylkestinget tidlegare kunne ikkje dei kaste bort tida på opplæring som folkevald.

- Å lære noko dei visste alt om frå før var sløsing med tid.

Det var fem under 22 år som tok plass i fylkestinget i Telemark. Det var nok ikkje berre Åsne Ø. Høgetveit som var redd for å drite seg ut i fylkestingsalen. Derfor er det nok eit rett spørsmål å stille om kva partia ynskjer å få ut av oss som er unge utover det å vera unge, og kanskje alibi, i folkevald arbeid, spør Åsne seg om.

- Det er forventat at me skal meine noko i saker som gjeld ungdom og/eller skule. Tyngre og vanskelege saker bør ein overlata til eldre og meir røynde folkevalde kollegaer.

Sjølv fekk ho erfare det i spørsmål kring vasskraft der ho stilte kritiske spørsmål til saksframstillinga til fylkestinget og dei avtalene som skulle til behandling. Det var ikkje fritt for at fleire stilte seg spørjande til utspela til denne unge kvinna.

- Det er ikkje forventat at me skal kunne slikt og derfor kjennest det som ein ikkje blir teken på alvor. Ho er ikkje den som er mest på talarstolen, snarare tvert om, men ho likar å vera godt førebudd. Og etter hennar syn er det viktig at unge og nye må vera med å ta ansvar for dei vanskelege sakene og.

- Om me ikkje alltid kan gje svar, kan me stille spørsmål som kan reise ein debatt som kanskje elles ikkje ville kome.

Det er som kjent ingen dumme spørsmål, for det er som oftast andre som sit og tenkjer liknande tankar utan å spørje i frykt for å dumme seg ut.

#### Å LEGGJA TIL RETTE

Det blir ikkje lagt til rette for unge folkevalde. Har du for eksempel ikkje bil må du rekne med å bruke langt meir tid på deltakinga enn om du har bil. Å vera student gjer ikkje saka lettare.

Høgetveit meiner at demokratiet skal koste og derfor må dei unge få høve til å vera med sjølv om dei til dømes går på eit studium i eit anna fylke eller ein annan landsdel. Det politiske landskapet må spegla folket sine gjeremål. Åsne meiner framleis heimsplassen hennar er Vinje sjølv om studiestaden no er Tromsø.

- Her er det mykje som bør gjerast anten ein er student eller pendlar til eit arbeid som ligg vekke frå heimen.

#### SPRÅKLEG STYRKING

Høgetveit har eit engasjement for fylket sitt. Telemark er eit av dei beste varemerka ein kan tenkje seg. Og kultur og identitetsmerke må me dyrka fram endå meir, også i det politiske virke.

- Fokuset på det som er ekte er sett på dagsorden og eg trur det vil gje kulturuttrykka i regionen vår betre vilkår. Telemarkskua er kome til heider att og fylkestinget stadfesta nettopp nynorsk som administrasjonsspråk i fylkestinget.

Framlegget frå Framstegspartiet om å gjera fylket språkleg nøytralt, fordi dei hadde vanskar med å forstå sakene når dei blir lagt fram på nynorsk, blei dei åleine om i fylkestinget.

- Det er eg svært glad for då dialektane og nynorsk er mellom dei viktigaste særtrekka til fylket vårt.

No meiner SV-aren at tida er moden for fylkeskommunen å melde seg inn i LNK. Den språklege standarden i fylket kan bli betre, og me bør utfordre organisasjonen til å gjera oss meir bevisste på haldningar til språk og kultur i ei tid der me sjølv har sett desse spørsmåla på dagsorden.

#### TELEMARK ER OG KYST

Men Telemarkskulturen er meir enn språk, fele og bunad. Det er og ein kystkultur. Ho trur at denne no vil koma tydelegare fram gjennom den museumsreforma fylket har vore gjennom. Musea i fylket er samla under ein paraply og på denne måten trur Høgetveit at heile Telemarkskulturen vil kome tydelegare fram.

#### VESTVIKEN

Regionsdebatten går høgt om dagen. Å bli ein del av Buskerud og Vestfold kjennes ikkje greitt. Ennå mindre at ein høyrer til regionen som har fått namnet Vestviken. Ho trur

*”Det politiske landskapet må spegla folket sine gjeremål”*

det vil ta tid, om det i det heile blir nokon endring, i den fylkesstrukturen ein kjenner i dag.

Då brenn ho langt meir for regionssamarbeid mellom fjellregionane. Det har i alle tider vore eit hopehav mellom anna mellom Vest-Telemark, Setesdal, Hardanger og Ryfylke. Dette regionane har sterke kulturtradisjonar å byggja på. Dei har utfordringar som langt på veg er like når det gjeld å styrkje busetting og næringsliv.

- Truleg vil samarbeid på tvers av slike grenser nå langt sterkare når sentralmakta skal utfordrast i å prioritera tiltak i regionane våre enn om me går til Vestfold.

#### POLITISK KARRIERE

Hennar politiske framtid er ikkje avgjort. Ho likar politisk arbeid der det er kort veg til den som vel henne. Derfor tvilar ho eigentleg på om Stortinget er staden der ho vil arbeida. Då freistar ordføraroppgåva heime i Vinje langt meir.

I haust starta ho eit studium i Tromsø. Det betyr ikkje at ho vil bort frå lokalsamfunnet sitt.

- Det er bra at me som er unge reiser ut ei tid. Me treng impulsar frå andre. Likevel vonar eg på at tida kjem då eg reiser heim att til Vinje.

Det er eit lite samfunn, men ikkje for lite, og eg trivst godt i det miljøet og den kulturen lokalsamfunnet mitt har gitt meg og gir meg.



# læringskurve



*Det er bra at me som er unge reiser ut ei tid. Me treng impulsar frå andre. Likevel vonar eg på at tida kjem då eg reiser heim att til Vinje, seier Åsne Ø. Høgetveit.  
(Foto: Einar Schibevaag)*

## NOTIS

### Amund på Skakke

Eteordføraren hyllar den store vikinghovdingen Erling Skakke med eigen konjakk. No lar Amund Enge seg rusa over nyvinninga av den fransk-norske Nicolas Mahé de Berdouaré. Ho kan spora røtene sin tilbake til den store hovdingen frå Etne og kva var då meir naturleg enn å laga ein eigen konjakk.

Amund Enge lovar eit ekte vikinggilde og festivitas når konjakken blir lansert. Truleg vil han sjølv stille i Vikingdrakt. Om han vi følgja vikingane sin tradisjon for drykk står att å sjå.

### Best på språk

Nynorskfylket Sogn -og Fjordane får sin eigen nettbank på nynorsk. Det er Sparebanken Sogn -og Fjordane som nyttar sjansen og blir først ut når banken no skiftar datasystem.

Fleire bankar i fylket nyttar nynorsk på dei vanlege tekstsidene i nettportalen sin, men ingen har til no presentert sjølve nettbanken på nynorsk før Sparebanken Sogn -og Fjordane no altså er på plass.

- For oss var nynorsk eit sjølvstøtt val når vi no går ut av alliansen med DnBNOR og står friare i val av datasystem og språkform. Me er på lufta med ein heilt ny nettbank i nynorsk språkdrakt og mange nye tenester frå måndag 16. oktober, fortel banksjef Halvard Klakegg som syns det er ekstra stas at det lokale reklamebyrået Gasta i Sogndal har laga design til den nye nettbanken.





## Også lokalavisa di er nær og kjær

Eit mjukt kinn og ein evarm klem. Som foreldre og besteforeldre er barn noko av det næraste og kjæraste vi har. På same måte ynskjer lokalavisa å vera nær og kjær for lesarane sine. I lokalavisa finn du derfor artiklar, bilde og annonsar frå nærmiljøet ditt. Vi nyttar ikkje plassen vår på privatlivet til TV-kjendisane. Derimot finn du mykje om det lokale kulturlivet, organisasjonslivet, idrettslivet og næringslivet. Vi skriv om dei små og nære hendingane, men også om dei tunge politiske sakene. Slik arbeider vi jamt og trutt for å bidra til noko positiv og konstruktivt i lokalmiljøet vårt. «Leserundersøkelsen for Lokalaviser» viser at vi så

langt har lukkast med jobben vår. Lokalavisene har svært høg tillit blant lesarane. 9 av 10 les lokalavisa heime – i ro og fred. Dette er positivt også for dei av dykk som annonserer i lokalavisa. Dess meir truverdige mediekanalet er, dess meir valuta får du for annonsekronene dine.

Vi er stolte av jobben lokalavisene gjer for nærmiljøet sitt. Vi nyttar høvet til å takka for følgjet – så langt. Snart byr vi på ein ny porsjon stoff frå kvardagen din. PS! Dersom du ikkje alt abonnerer på avisa vår, bør du ringja oss i dag. Ta også kontakt dersom du vil annonsera i eit truverdige mediekanalet: lokalavisa.

DI LOKALAVIS!

# Sunnhordland

Tlf. 53 45 00 00

[www.sunnhordland.com](http://www.sunnhordland.com)

## KOMMUNANE SIN SAMARBEIDSPARTNAR

- Me finansierer lokale løysingar

- skular
- barnehagar
- fritidstilbod
- omsorgsboligar
- sjukeheimar
- andre gode tiltak i din kommune

 **Kommunalbanken**  
- Størst i kommunal sektor

[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)  
telefon 21 50 20 00



# Kortsiktig krise

**Blir regjeringa sitt forslag til ny sjukelønsordning sett i verk kan det på kort sikt bli ei krise på nivå med kraft-krise for helse og omsorgssektoren i kommunenoreg, meiner leiar for pleie og omsorgstenester i Etne Kommune Gerd Marit Ytreland.**

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Sjukefråværet for kvinner i KS (Kommunenes arbeidsgiver-, interesse- og medlemsorganisasjon)-området ligg i snitt på 11,3%. Dette er eit interessant tal, ifølgje Ytreland. Ho understrekar og at årsaka til det høge talet i denne sektoren, som er dominert av kvinner, kjem av tungt fysisk arbeid og turnusarbeid. I tillegg er sjukefråver i samband med graviditet inkludert i statistikken.

#### LANSIKTIGE MÅL

- Ei ny sjukelønsordning vil vera så grusom at eg ikkje vil klara å forholde meg til det, seier Ytreland. På kort sikt vil det bli merkbar auke i kostnader for kommunane. – Ein kan ikkje vedta å få ned sjukefråværet. Ein må jobba langsiktig og uavhengig av tiltak frå Stortinget for å få ned sjukefråveret, seier ho.

- Samstundes er det viktig å understreka at ei ny sjukelønsordning kan vera eit insitament for å jobba med arbeidsforholda i sektoren, seier Ytreland. Sjølv er ho nyttilsett leiar i si eining i Etne Kommune og ser kor viktig det er å sjå samanhengen mellom arbeidsforhold og sjukefråver. Ytreland legg ikkje skjul på at det er mykje å gripa tak i i sektoren.

#### UNNGÅ STRESS

- For å få ned sjukefråver må ein fokusera på nærværsfaktorar og inkluderande arbeidsliv, seier ho og gjev eit døme; Korleis kan ein som avdelingsleiar i staden for å bidra til stress i ein uføreseieleg arbeidssituasjon jobba for å skapa ro? Ved å setja seg ned og fordela arbeidsoppgåvene som må gjerast, vil



*Auka kostnader til sjukeløn for kommunen vil og gå ut over tenestetilbodet til brukarnane seier leiar ved Stord Sjukeheim  
Britt Sørensen Dalsgård.*

*(Illustrasjonsfoto: Einar Schibevaag)*

ein sørgja for stabilitet i arbeidsmiljøet. Det er ikkje alltid at låg bemanning tyder høgt sjukefråver, hovudsaka er korleis me organiserer dagen på jobb, avsluttar ho.

#### DÅRLEG IDE

Leiar ved Stord Sjukeheim Britt Sørensen Dalsgård ser ikkje så mange fordelar med ei ny sjukelønsordning.

- Eg synest det var ein skikkeleg dårleg idé med det nye forslaget, svarar ho kontant.

Auka kostnader til sjukeløn for kommunen vil i fyrste omgang gje større press

på arbeidstakarar, som alt er i arbeid med den dominoverknad det vil få, då høve til å ta inn vikarar vil bli mindre, meiner Dalsgård. I siste omgang vil ein måtte justera tenestetilbodet til brukarane.

Dalsgård har og erfaring med relativt høgt sjukefråver samanlikna med resten av kommunen, og understrekar at dette kjem av tungt arbeid på kvinnearbeidsplassar. Men ifølgje henne kan ikkje kommunen sjå på sjukefråveret isolert for ein institusjon. Til sjuande og sist er det kommunen som må få alt til å gå opp.

- For å betre arbeidssituasjonen og få ned sjukefråveret må ein gje dei tilsette meir rom i kvardagen til å få ta seg av kvar einskild brukar, seier Dalsgård. I dag er arbeidsgjengen så stramt organisert at om ein ynskjer å tilretteleggja for einskilde brukarar går det ut over dei andre på institusjonen, avsluttar Dalsgård.

• ARE KALVØ • RAGNAR HOVLAND • ARTIKLAR  
• PER OLAV KALDESTAD • OLA A. HEGGDAL •  
BOKMELDINGAR • ARNT BIRKEDAL •  
SYNNØVE MACODY LUND • NYHENDE •  
JON PEDER VESTAD • BORGHILD  
GRAMSTAD • RAGNFRID TROHAUG •  
SYNSINGAR • MARIANNE MAGNUSSEN  
• HANNA MARIA NILSEN •  
FILMELDINGAR • ROALD KALDESTAD  
• ANNA HELLEVANG • SKRIVEKLØE •  
LARS MÆHLE • JON HJØRNEVIK •

WWW.MAGASINETT.NO

Einaste intelligente  
nynorske nettstaden  
for ungdom





## Vestlands- konferansen

For sjuande gong blei Vestlandskonferansen arrangert. Denne gongen i Ålesund med tema "Nyskaping på Vestlandet". Konferansen som i år samla om lag 250 personar har blitt ein viktig møteplass for utvikling av Vestlandsregionen. Ein region som står for mykje av verdiskapinga i Noreg.

- Korleis kompetanse og kapital kan nyttast som fortrinn for Vestlandet i åra som ligg framføre oss, var eit viktig tema for denne konferansen, seier banksjef Harald Queseth i Sparebanken Vest si allmennyt-tige verksemd.

I lag med medarrangørane sine var Queseth godt nøgd med konferansen og dei drøftingar som fann stad i Ålesund desse dagane.

Vestlandskonferansen vender seg til leiarar og opinionsdannarar innanfor næringsliv, forskning og utdanning, politikk, forvaltning, kultur og samfunnsliv elles.

Avisene som er med ønskjer med si deltaking som arrangør å skape vilkår for ein positiv nærings- og samfunnsutvikling på Vestlandet, på regionen sine eigne premisser.

- Vestlandskonferansen er eit viktig forum for debatt, for utvikling av nettverk og nye idear, seier sjefsredaktørane Tom Hetland i Stavanger Aftenblad, Einar Hålien i Bergens Tidende, Jan Atle Stang i Firda og Harald H. Rise i Sunnmørsposten.

Neste års konferanse blir lagt til Stavanger.

# Folk dreg til sentrum

**Slik er det også på Vestlandet, skal ein tru professor Viktor Normann**  
- **Di større auke i velstand desto større blir utflyttinga frå distrikta.**

EINAR SCHIBEVAAG

Universiteta og til dels høgskulane på Vestlandet støvsugar bygdene for menneskelege ressursar. Der får dei kompetanse for så å kasta dei utover Oslo-gryta, fortel Normann.

Stadig fleire tar høgare utdanning, om lag 1,2 millionar av oss har utdanning på høgare nivå og vel 250 000 vil ha mastergrad om få år.

- Når me veit at desse gruppene har størst mobilitet veit me og at dette vil gå sterkast ut over distrikta våre. Særleg når dei største jobbutfordringane i landet vårt i dag ligg i hovudstadsområdet.

#### 5000 VIL HJELPA

Normann har som tidlegare stasråd arbeidd for utflytting av offentlege arbeidsplassar. Greier noverande regjering å flytte ut 5000 arbeidsplassar slik dei lovar kan det hjelpe.


- Men det er ei like stor utfordring for Vestlandet å betre kommunikasjonane slik at bu- og arbeidsregionane blir langt større enn tilfelle er i dag.

Utan slik utbetring vil det berre vera Stavanger- og Bergensregionen som vil greie å halde oppe eit utfordrande næringsliv og ei positiv folketalsutviklinga.

- Mange av dei næringane me ser på som våre, dvs energi, fiske og industri, krev ikkje like høg kompetanse. Det er i første rekkje dei utførande oppgåvene som blir i distrikta, mens kompetansen, utviklingsoppgåvene, blir samla i sentra og då ofte Oslo.

#### BETRE UTDANNING

I tillegg har me situasjonen der alle blir flaska opp til å ta høgare og høgare utdanning.



*Vestlendingane er god til å sloss seg i mellom - rivaliseringa er påtakeleg, slår professoren fast.*

- På den måten utdannar me innbyggjarane våre ut av lokalsamfunna våre i staden for å få dei med til å skape lokalt.

#### SUKSESSAR

Han legg likevel til at det er mange suksesshistorier over verksemdar som får det til og utviklar nye og gode kom-

petansmiljø.

- Men det er diverre ikkje nok til å snu den trenden som eg ser.

At Vestlandet ikkje greier å samla seg om viktige utfordringar for Vestlandet er ikkje med på gjera oppgåva lettare med å sikre ein sterk region.


**ABC**  
**Startsida**

Vel [www.startsida.no](http://www.startsida.no) som di nye startside. Meir info her:

[www.startsida.no/egen](http://www.startsida.no/egen)



# Vil bli betre



Skipsreiar Fred. Olsen og Konsernsjef og styreleiar i Aker ASA, Leif-Arne Langø  
(Foto: Einar Schibevaag)

Vestlandet har mange fortrinn dei bør utvikle, meinte skipsreiar Fred Olsen. Han meiner det er alt for mange døme på korleis ein ikkje har utvikla miljø for nytenking og vekst i ei næring ein er god i.

Olsen nytta klokkeindustrien i Sveits som døme. Her trudde ein at miljøet var så sterkt at det ikkje kunne utfordrast. Det kunne det, og den viktige klokkeindustrien i Sveits var i ferd med å gå fløyten.

Miljøet for ei næring er viktig, ofte heilt avgjerande. Det bør ein og ta omsyn til når utvikling skal leggjast. Og Vestlandet har mange slike område ein burde søkje å utvikle.

Olsen trekte fram miljø for produksjon av energi på Vestlandet som døme for si tenking. Ikkje berre energi, men fornybar energi under-

strekte Olsen. Vestlandet har dei største ressursane når det gjeld fornybar energi. Energi som er teken ut i dag, men også ressursar som ligg og ventar på å bli tatt ut.

Landet vårt har vore ei sinke i denne debatten. Mens andre land er komne langt i forskinga på t.d. vindkraft er ikkje me komne lenger enn til startblokka, meinte Olsen.

Kva ein skulle nytte desse ressursane til etterlyste Olsen også ein debatt om. Og korleis gje rom til dei som er med å vidareutvikle det ein alt er god på?

- Dei som vil noko må få større del av vinsten dei får ut.

Det er trass alt desse som på ny vil setje inn pengar i ny risikosport som nytenking og utvikling er.

## NOTIS

### 100 millionar til turistveggar

(NPK): Nasjonale turistveggar er eit landsdekkjande prosjekt som Statens vegvesen gjennomfører. No doblar regjeringa satsinga på desse vegane og foreslår 100 millionar kroner i løyvingar over statsbudsjettet til utvalde strekningar der det skal leggjast spesielt til rette for drift av turisttilbod.

- Satsinga på natur, kultur og arkitektur gjer prosjektet einestående

og syner kor gode resultat ein kan få når fleire trekk i same retning, seier samferdsleminister Liv Signe Navarsete.

For 2007 er dei prioriterte tiltaka E10 i Lofoten og riksveg 550 Jondal - Utne. I tillegg er også Geiranger - Trollstigen og Aurlandsfjellet prioritert for 2008, medan Rondane og Havøysund er prioritert for 2009.



## Sagt på konferansen

### Kunnskapsløyse

UD sitt aspirantkorps som skal ut i verda og representera Noreg sine interesse kjenner ikkje til Vestlandet og kva Vestlandet representerer.

Trine Eilertsen, politisk redaktør i Bergens Tidende

### Prioriteringa

Vestlandet satsar for mykje på utvikling aust-vest og ikkje nord-sør. Det hemmar eigen regionsutvikling og me må syte for at det blir ei endring.

Fylkesordførar i Rogaland og leiar av Vestlandsrådet Roald Bergsaker



### Opplæringa

At kunnskapen til journalistar er varierende veit ein. Det er derfor ikkje rart at dei ikkje ser forskjell på kva realfagskompetanse og realkompetanse er i Sunnmørsposten

Direktør i NHO Møre og Romsdal, Torill Ytreberg

### Fritt fram

Tyskarane må få fiske det dei vil på ferien sin i Noreg og ikkje få ei grense på 15 kilo som no. Fangsten deira betyr ingen ting for norsk fiskeri. Det er det dei statlege rammevilkåra som gjer.

onsersjef og styreleiar i Aker ASA, Leif-Arne Langø.

### Fridomsprinsipp

Staten må halda fingrane av fatet til næringslivet og la det utvikle seg på egne premisser

Fred Olsen, skipsreiar

### Fortrinna

97 prosent av norsk fiskerifangst blir eksportert. Med dei fortrinn denne næringa har på kysten vår, bør det setjast inn tiltak for å utnytte næringa ytterlegare.

Roald Bergsaker, fylkesordførar i Rogaland

### Paradokset

Viss det er i Oslo me må vera for å vera på toppen, har Vestlandet tapt.

Viktor Normann, professor ved handelshøgskulen

### Skilnaden

Pressa er stort sett positiv til omstilling i privat sektor, mens tilsvarande i ein kommune påkallar overskrifter om krise og kutt.

Rådmann i Ålesund, Ragna Grønnevet

### Løysinga

Oppdrett av torsk er nå prega av optimisme og vilje til investeringar. Mange av dei utfordringane næringa har hatt til no er langt på veg løyst.

Fiskeriminister Helga Pedersen i et foredrag

### Utfordringa

Aker er eit kystkonsern, og hovudutfordringa for det kystindustrielle næringslivet er på kort sikt å få tilgang på kompetent arbeidskraft.

Konsernsjef og styreleiar i Aker ASA, Leif-Arne Langø.

### Forløysinga

Etter 1. januar neste år blir det felles ferjekort med rabattordning på riksvegferjene i Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane. Ordninga vil mest truleg bli innført for heile landet eit år seinare.

Samferdselsminister Liv Signe Navarsete

### Kunnskapsløysa

Veit journalistar forskjell på gjeld, akkumulert underskot og resultat er me komne langt. Meir skal eg ikkje forlanga.

Rådmann i Ålesund, Ragna Grønnevet



# Nye dramatikarar i Løland si ånd



Rasmus Løland i Leif Harald Forbun sin strek

I høve 100-årsmarkeringa for forfattaren og dramatikaren Rasmus Løland lyste Suldal kommune og Det Norske Teatret ut ei dramatevling retta mot barn mellom 6 og 13. Inspirasjonen er Løland sitt forfattarskap.

Onsdag i førre veke blei vinnarane kåra på Det Norske Teatret. Dei tre prisvinnarane er:

1. Glenn Belden (Enebakk) "Knut, en ikke fotballspiller"
2. Angela Hagen (Drammen) "Hundredagane"
3. Marie Hafting (Oslo) "Det aller viktigste! Et skuespill om livet, døden, kjærligheten og godteri"

Vinnarteksten blir no kjøpt inn og sett opp i det vanlege repertoaret til Det Norske Teatret med premiere våren 2007. Stykket vil òg bli vist i Suldal under markeringa av Rasmus Løland våren 2007.

Ordførar i Suldal, Hans Sæter, delte ut prisane på 100, 75 og 50 tusen kroner.

Neste år er det 100 år sidan journalisten, barnebokforfattaren og omsetjaren Rasmus Løland døydde. Mest kjent er han for barnebøkene Det store nashornet (1900) og Kvitebjørnen (1906). Løland var opphavleg frå Suldal kommune, men flytta frå Ryfylke til Kristiania i 1895 og fekk fast jobb i avisa 17de Mai. Siste delen av livet budde Løland i Asker som næraste nabo til Garborgane, og var ein del av det radikale målmiljøet som seinare starta Det Norske Teatret. Han har òg skrive bøker for vaksne, dei mest særmerkte er kanskje Aasmund Aarak, Hundrad år og På skuggesida. Dei to siste kom ut posthumt med eit etterord av Arne Garborg.



Ordførar i Suldal, Hans Sæter, delte ut prisar til vinnarane i dramatevlinga i regi av Suldal Kommune og Det Norske Teatret.

## DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdijustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millionar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

[www.klp.no](http://www.klp.no)

 **KLP  
FORSIKRING**  
For dagane som kjem





# Å KRYSSA EIN FJORD



## Å SLÅ EIN TUNNEL Å BYGGJA EIN VEG

Betre kommunikasjonar kan føre til den store skilnaden for kommune-Noreg

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter, og aleine eller i lag med andre finansieringskjelder hjelper me til med finansiering av offentleg infrastruktur.

låneopptak • finansstrategiar • samansetning og styring av låneportefølje  
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering •  
bompengefinansiering

---

## KOMMUNEKREDITT

---

Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: [post@kommunekreditt.no](mailto:post@kommunekreditt.no)  
[www.kommunekreditt.no](http://www.kommunekreditt.no)



ØYGARDEN



# Bruer mellom menneska



Det vert sagt om Øygarden at det er like mange øyar som dagar i året. Andre seier at det er 500 øyar ved fjære sjø. I kommuneplanen står det å lesa at kommunen har 552 av sorten. Det som er sikkert er at 14 bruer, sju store og sju små, bind øyane saman til eitt rike.

MARIE HAUGE

Før dei mange bruene kom og Øygarden vart landfast, var krinsidentiteten i dei ulike øysamfunna sterk. Kvar krins sitt bedehus, og helst ein butikk og.

- Med vegar og bruer vart Øygarden ein meir samla kommune, seier kommunalsjef Åse Vik. Sentraliseringa har nådd øykommunen, som lenge har halde seg med ein todelt administrasjon. Men no er sanden ått å renna ut or glaset for Tjeldstø, som var eit knutepunkt den gongen sjøen var viktigaste ferdslsåra mellom øyene. Innan 2007 skal heile kommuneadministrasjonen vera installert i Rong. Tømminga av det gamle kommunehuset på Tjeldstø er alt i gang.
- Vi finn sikkert noko spennande på loftet, ler kommunalsjefen, som vonar ein samla administrasjon skal gje ei meir effektiv drift. Det kan trengast i Øygarden som er den kommunen i Norge som veks raskast. Bunkane med byggjesøknader er store og trykket på omsorgstenestene aukar.
- Det er attraktivt å bu i Øygarden. Tilflyttinga er stor. Vi er ått å verta ein forstad til Bergen. Folketalet er størst i Rong og på Toftøy, som er dei krinsane som ligg nærast Bergen. Det er langs vegen det skjer, konstaterer kommunalsjefen.

*Lyngkledd beiar og brufaste øyar kjenneteiknar Øygarden. Folk har det budd i området i minst 10 000 år, men som kommune er Øygarden ung – eit resultat av ei samanslåing i 1964. (Foto: Marie Hauge)*

## FAKTA



Øygarden lever godt opp til namnet sitt. Den langsmele kommunen to til fire mil nordvest for Bergen, er sett saman av 552 små og store øyar. Øyriket er ramma inn av Nordsjøen i vest og Hjeltefjorden i aust.

Etter kvart som bruer og vegar batt dei mange øysamfunna saman, vart ferdslsårene flytta frå sjø til land. Kystkulturen er framleis levande, men dei siste 20 åra har oljealderen prega øygardingane sitt forholdet til sjøen og havet.

Kommunen levde lenge eit anonymt liv med synkande folketal. I midten av 1980-åra snudde trenden. Nærleiken til Nordsjøen er eit fortrinn som Statoil og Hydro har utnytta til fulle. Kommunen kan no skilta med tre store industriområde; Sture, Kollsnes og Naturgassparken.

I dag er Øygarden rekna som ein velståande vekstkommune.

Folketal.....	4 100
Areal.....	66 km <sup>2</sup>
Tverrpolitisk Valliste.....	10
Ap.....	7
KrF.....	2
Frp .....	2
Borgarleg felleliste .....	2

Ordfører : Olav Martin Vik (Tverrpolitisk Valliste for Øygarden)  
 Varaordfører: Britt Kjerstin Steen-Hansen (Tverrpolitisk Valliste for Øygarden)  
 Rådmann: Avtroppande Ingolf Solsvik, påtroppande Torgeir Sæter



# Det ynglar i Øygarden

Vinden piskar kvite skumtoppar på bølgiene i Hjeltefjorden. Trygt på land, i store kummar, sym på titiusennis av torskeyngel rundt i ring. Dei er lukkeleg uvitande om ruskevêr og kampen for tilværet for artsfrendane i fjorden utanfor. Hos Cod Culture Norway vert maten servert frå automatar og vatnet er ferdig temperert. Sånn er livet for oppdrettsfisk.

MARIE HAUGE

Cod Culture Norway i Naturgassparken i Øygarden er verdas største torskeyngelanlegg. Anlegget har ein kapasitet på ti millionar yngel i året. Veks alle seg store og sterke betyr det 30 000 tonn ferdig slaktefisk. Enno er torskeoppdrettet i ein tidleg fase i Noreg, men utsiktene er lyse. Ein gang i framtida vert det kan henda produsert torskeyngel nok til eit middels Lofotfiske i Naturgassparken.

## STØRRE ENN KOKSTAD

- Vi har eit langsiktig perspektiv på aktiviteten i næringsparken. At etablerte verksemdar flyttar til Naturgassparken er ikkje særleg realistisk. Målet vårt er å få fleire nyetableringar til Øygarden, seier Birger Møvik, som er dagleg leiar i Naturgassparken, eit 1600 mål stort næringsområde ått av Øygarden kommune og Bergen tomteselskap. Vel 100 mål er teke i bruk av området, som er 300 mål større enn Kokstad, ei av næringsparkperlene hos storebror Bergen.

## GASS PÅ DØRA

Næringsparken i hjarta av Øygarden har eit fortrinn dei færreste industriområde kan varta opp med; dei leverer naturgass så godt som "på døra". Gass frå Nordsjøen vert ført i land på



Sjå torsken: Vel 60 dagar gamal bur torskeyngelen framleis "beime" hos driftsleiar Henning Sandøy på Cod Culture Norway. Når yngelen veg 10 gram flyttar han til eit påvekstanlegg. Så går vegen til eit matfiskanlegg og vidare til middagsbordet. (FOTO: Marie Hauge)

Kollsnes, nokre kilometer lenger vest i Øygarden. Naturgassparken er kopla på gasseventyret i enden av eit vel tre kilometer langt røyr. - Her vert gassen sett i arbeid, som det heiter i slagordet for næringsparken. Naturgass frå Øygarden held hjula i gang på snart 80 Bergensbussar. I desse dagar er Naturgass Vest i ferd med å ferdigstillast ein ny og større LNG-fabrikk, som mellom anna skal levera drivstoff til dei nye gassferjene på Halhjem-Sandvikvåg

## NABOHJELP

Birger Møvik fortel at kongstanken er ein todelt næringspark; energi på eine sida og mat på hi. Torskeyngeloppdrettet illustrerer nytteverdien av næringsnaboskapet eller dei miljømessige synergiane som det heiter på fint. LNG-fabrikken får gass til overs når dei kjøler ned naturgassen som kjem i røyr

frå Kollsnes. Denne gassen vert nytta til brennstoff i eit kogenanlegg, som produserer elektrisitet til LNG-fabrikken. Mesteparten av kjølevatnet frå kogenanlegget vert ført vidare til Cod Culture Norway og held vatnet varmt for den sårbare torskeyngelen.

- Etter kvart som energiproduksjonen på Kollsnes aukar, åpnar det seg store mogelegheiter for oppdrettsnæringa i Øygarden. Tenk berre på all den varmekjære fisken som kan nytta godt av overskotsvarmen frå eit nytt energiverk, seier Birger Møvik.

## VELSTÅANDE VEKSTKOMMUNE

Til no har ulike verksemdar investert for til saman 800 millionar kroner i Naturgassparken. Det betyr klingane mynt i kommunekassen. Øygarden kommune har eigedomsskatt på bruk og verk, og

har hatt ein jamn velstandsauke sidan ilandføringa av gass byrja for vel 20 år sidan.

- Øygarden har vore smart, seier Birger Møvik. - Det vart i si tid jobba knallhardt for å få ilandføringa. Nokså raskt innsåg ein at det ikkje kom til å verta snakk om veldig mange nye arbeidsplassar. Såleis måtte kommunen sikra seg inntekter på anna vis. Kommunen sørgde for å skaffa til vege nok med næringsareal og innførte eigedomsskatt. Det er sjølv sagt ikkje like populært hos alle etablerarar, men det sikrar kommunen ein del av velstanden frå olje- og gassproduksjonen.

## Eigedomsskatt med godt samvit



Steinlandet: Naturgassparken, som tidlegare heitte Kollsnes Næringspark, ligg strategisk plassert i bøve til Statoil sitt gassbehandlingsanlegg (er å skimta beilt bak i bildet). Øygarden kommune eig belvta av naturgassparken. Andre belvta eig Bergen kommune gjennom Bergen tomtseselskap.

Øygard-ordførar Olav Martin Vik har så visst ikkje tenkt å gje slepp på eigedomsskatten for å lokka fleire verksemdar til kommunen.

- Verksemdar som kjem til Øygarden veit at vi har eigedomsskatt. Skal dei etablere seg hos oss, må dei ha rygg til å bera denne utgifta, seier ordføraren. Han peikar på at Øygarden først og fremst er interessant for dei store aktørane i olje- og gass-sektoren. Når investeringane - som for den nye LNG-fabrikken - ligg på rundt ein halv milliard kroner, er ein eigedomsskatt på 0,7 prosent til å leva med, meiner han.

- Dette er pengar som elles hadde gått rett i statskassen. No vert dei i staden brukte lokalt.

Bygdeliste-ordføraren peikar på at store verksemdsetableringar er krevjande for kommunen. Tungtrafikken stiller strenge krav til vegstandard. På sjøsida må det òg rustast opp. Kommunen har nett bygt ein djupvasskai til 25 millionar kroner i Naturgassparken.

- Næringsutvikling tek si tid. Det går gjerne fire-fem år mellom dei store etableringane. Når det er sagt er Øygarden ein privilegert kommune. Vi er i stand til å stetta dei behova innbyggjarane våre har. Politakarane har heile vegen har vore framtidsretta og teke styring med utviklinga.



ØYGARDEN



*Fiskarbonden i voks: Statoil ga ei gåve på fem millionar kroner til Øygarden. Pengane var øymerkte eit museum. Evelyn Johannesen og museumspedagog Vagleik Mathisen kan by på ei tidsreise med eit spenn på 12 500 år.  
(Foto: Marie Hauge)*



## ...men fiskarbonden er komen på museum

**Så frykteleg lenge sidan han rodde sildefiske er det ikkje, men skal dei unge øygardingane treffa fiskarbonden, så må dei på museum.**

MARIE HAUGE

Nett over 4000 innbyggjarar er dei i Øygarden. Likevel held dei seg med eit eige økomuseum for kystkulturen. Om lag midt i kommunen, i Ovågen, ligg det ti år gamle museet idyllisk til med utsyn over den gamle dampskipskaia.

- Museet er med på gjera øygardingane meir bevisste på fortida si. Dei vert stolte av den gamle kystkulturen. Mentaliteten har gjerne vore at det gamle ikkje var noko å ta vare på - det var berre slit og strev. Så kom den nye tida med pengar, olje og gass og ingen såg seg attende, seier Evelyn Johannesen, som har vore tilknytta Kystmuseet sidan det opna i 1996.

Men på kystmuseet ser dei seg attende, faktisk 12 500 år tilbake i tid. Det var nemleg i Øygarden ein gjorde det kjende Blomvågfunnet, som er hevda å vera det eldste sporet av menneske her i landet.

Frå tidleg steinalder følgjer den permanente utstillinga livet til kystfolket heilt fram til i dag. Energibruken til menneska går - passande nok - som ein raud tråd i utstillinga. På dei forblåste øyane vest i havet var det lite tre å hogga. Torv vart brukt til oppvarming så seint som til midten av førre århundre. Øygarden var ein av dei siste kommunane i landet som fekk elektrisk straum. Det skjedde i 1954.

Kontrastane er store mellom fordums torvopptak og dagens gassopptak som skjer berre nokre kilometer frå kystmuseet. Det store spranget vert illustrert i ein av dei guida turane museet tilbyr. Vegen går gjennom kystlandskapet og viser korleis høgteknologisk gassproduksjon overtok grunnen etter det nøkterne hushaldet til fiskarbonden.



*Sjøveg og landsveg: Eit økomuseum syner også til natur og kulturlandskap. Kystmuseet i Øygarden har fleire kulturminne, gards- og sjøbus i si varetekt, og har som ei av sine oppgåver å syna samanheng mellom kultur, natur, miljøtilbøve og samfunnsutvikling.  
(Foto: Marie Hauge)*



# Nynorsk litteratur i vestlandsnatur

**I november skal det for første gong arrangerast Nynorske Litteraturdagar i Aurland. Då blir det krimlitteratur på Flåmsbana og nynorsk gjendikting av Sting om kvelden.**

AV RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Det tradisjonsrike Fretheim Hotel i Flåm blir hovudarena for litteraturdagane. Festivalen varar frå 3. - 5. november, og planen er at det skal bli ein årleg tradisjon.

Også andre lokalitetar, som stavkyrkjene i Borgund og Undredal, Nærøyfjorden og sjølvaste Flåmsbana blir tatt i bruk under festivalen.

#### FLÅMSBANA FOR VIDAREKOMNE

Viss du meiner at turen «Norway in a nutshell» med toget frå Myrdal til Flåm og båten til Bergen berre er for turistar, så kan det hende at du blir meir freista av «Litteraturtoget» på

Flåmsbana. I vogn A kan du høyre krimlitteratur frå Ka. Brekke og Rune Timberlid, mens vogn B har eit familieprogram med Jens Brekke, Atle Hansen og Roald Kaldestad. Heksa og heavykatten møter kvarandre på toget, så då er det berre å kome seg med.

Innimellom kjende namn som Brit Bildøen, Per Inge Torkelsen, Ragnar Hovland og Erling Læg Reid, dukkar elevar frå Aurland kulturskule opp med kulturinnslag.

#### STING PÅ NYNORSK

Av musikalske høgdepunkt kan konserten med Kjell Inge Torgersen og ensemblet Te i Sahara nemnast. Dei har hausta gode kritikkar for plata «Aks av gull», med gjendiktingar til nynorsk av songane til den engelske artisten Sting. På laurdag stiller Ragnar Hovland og Atle Hansen opp saman med orkesteret «Blå Måne».

På sundag blir det nynorsk messe i Vangen kyrkje, med fokus på den nynorske song- og salmeskatten.



Kjell Inge Torgersen tolkar den engelske artisten Sting på nynorsk. (Foto: Kulturkompaniet)

Godt språk og rett sjanger?

## Språk- og dokumentlære, nynorsk

Todayars kurs for kommunal forvaltning

- ulike teksttypar i det offentlege
- rett form og rett språk
- ordval og ordlegging
- nynorsk rettskriving
- den gode saksutgreiinga



Modellen er utprøvd med gode resultat:

**Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag**

Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei kan bestillast av ein oppdragsgjevar og haldast på arbeidsplassen. Meir informasjon finn du på [www.lnk.no](http://www.lnk.no) og [www.hsfoppdrag.no](http://www.hsfoppdrag.no)


HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs:  
[hsfoppdrag@hisf.no](mailto:hsfoppdrag@hisf.no) eller telefon 57 67 60 00



www.svi.eggumdesign.no



Tradisjon – og fornying



HOTELL  
HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning. Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrum) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18  
5004 Bergen  
Tlf.: 55 33 50 00  
Faks: 55 23 49 50  
E-post: [info@hordaheimen.hl.no](mailto:info@hordaheimen.hl.no)

[www.hordaheimen.hl.no](http://www.hordaheimen.hl.no)





## Vestlandets historie

Kvart år fører Sparebanken Vest delar av sitt overskot tilbake til Vestlandet gjennom sin allmennyttige verksemd, Visjon Vest. Landsdelen vår er rik på ressursar, og ildsjelene er kanskje det mest verdifulle av alt. Vi støt ildsjelene i idrettslag og kulturliv, vi sponsar innovasjon, utdanning og forskning – alle vesentlege bidragsytarar i utviklinga av Vestlandet.

Blant våre største satsingar i haust er finansieringa av den fyrste fullkomne landsdelshistoria som vert utgjeve i Noreg, *Vestlandets historie*. Eit storslådd verk i tre bind om Vestlandet og vestlendingen.

For meir informasjon om *Vestlandets historie*, se [www.vigmostadbjorke.no/vestlandet](http://www.vigmostadbjorke.no/vestlandet).

